



Notat

Dato: 30.04.2014
Arkivsak: 2014/14648-9
Saksbehandlar: maraskv

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Endring av Den kulturelle spaserstokken frå 2014

Frå 2014 er ordninga med Den kulturelle spaserstokken lagt om. Omlegginga inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet. Fylkeskommunane har såleis fått i oppdrag frå Kulturdepartementet (KUD) å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken.

Kulturtilbod til eldre

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Søknad og handsaming i 2014

Midlane for tilskotsordninga vil bli fordelt til kommunane, etter søknad, i tråd med overordna formål for ordninga.

Hordaland fylkeskommune vil sende brev til kommunane innan starten av juni med nærmare informasjon og invitasjon til å søkje midlar innan 15.september. KUD har sendt eit forslag til eit slikt brev (sjå vedlegg) som Hordaland fylkeskommune vil ha som utgangspunkt i dialogen med kommunane. Kriterier for ordninga går fram av brevet.

For 2014 er det avsett 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til Den kulturelle spaserstokken. Kulturdepartementet sin del blir finansiert av spelemiddeloverskotet og blir fastsett i mai/juni.

Kulturdepartementet har ikkje irekna administrativt vederlag til fylkeskommunane for den nye oppgåva.